

Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget
Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget
Mørebenken på Stortinget
Statsministeren sitt kontor ved statsminister Jonas Gahr Støre
Finansdepartementet ved finansminister Trygve Slagsvold Vedum
Kommunal- og distriktsdepartementet ved kommunal og distriktsminister Sigbjørn Gjelsvik
Helse- og omsorgsdepartementet ved helse og omsorgsminister Ingvild Kjerkholt

30.10.22

Uttale frå Sunnmøre Regionråd vedkomande kutt i tilskotsordningar frå Husbanken i samband med regjeringa sitt framlegg til Statsbudsjett for 2023

Sunnmøre Regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Fjord, Giske, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Vestnes, Ørsta og Ålesund.

Selskapet skal bidra til at kommunane på Sunnmøre jobbar saman for å styrke regionen sin attraktivitet og konkurransekraft.

Selskapet skal på vegne av deltakarkommunane vere ein aktiv pådrivar for å fremje regionen sine interesser ovanfor regionale, nasjonale og internasjonale mynde, og vere eit bindeledd mellom politikk, næringsliv og offentlege styringsorgan.

Sunnmøre Regionråd skal vektlegge partnarskap mellom kommunar og næringsliv.

Regjeringa viser til dei økonomiske utfordringane, og har lagt fram eit stramt budsjett. Behovet for kutt og omstilling er gjort greie for, men konsekvensane for kommunal sektor som skal utføre regjeringa sin politikk er det lagt mindre vekt på. Kommunane har dei siste 2-3 åra vore førstelina i pandemihandtering og flyktningkrise, og mange viktige utviklingsoppgåver i lokalsamfunna har vorte skubba på. Dette gjeld til dømes det bustadsosial arbeidet med trygge gode bustadar også til dei som er i leigemarknaden.

Kommunane treng føreseielege rammer for å planlegge investeringar i eldreomsorga. Å kutte investeringstilskot til sjukeheimar og heildøgns omsorgsplassar med 2-3 månaders varsel er ikkje føreseieleg og vil sette mange kommunar i ein svært vanskeleg situasjon.

Kuttet i tilskot til anskaffing av utleigebustadar vil i stor grad råke dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden, til dømes flyktningar. Det vil også ha negativ verknad på kommunane si evne til å busette flyktningar. Vi er fleire kommunar som no er i startgropa med å etablere samarbeid med private utbyggjarar, der kommunen har tilvisingsrett til ein tredel av bustadane. Utan tilskot har ikkje kommunen dette handlingsrommet og vi mister eit tilbod som kan gi gode og trygge leigebustadar saman med private eigarar.

Vi har forståing for at det er behov for omstillingar, men meiner at kommunane må forvente føreseielege rammer og tid til omstilling.

Sunnmøre Regionråd forlanger at dei nemnde tilskotsordningane frå Husbanken vert oppretthalde.

Med helsing

Knut Erik Engh
leiar av representantskapet

Vebjørn Krogsæter
styreleiar

Kopi: Deltakarkommunane i Sunnmøre Regionråd